



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dato: 14.10.2025
Vår ref: 25/05422-2
Deres ref: 2025/12229-10

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn av planprogram for regional plan for areal og mobilitet i Vestland

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 26. august 2025.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til auka verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir tekne omsyn til i saker etter plan- og bygningslova.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekomstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting.

Om saka

Vestland fylkeskommune har lagt planprogram for areal og mobilitet i Vestland ut til høyring og offentleg ettersyn. Dagens retningslinjer for arealbruk ligg spreidde i fleire regionale planar som er delvis overlappende, motstridande eller utdaterte.

Formålet med den nye planen for areal og mobilitet er å gi samla og oppdaterte føringar for den fysiske utviklinga i Vestland. Planen skal fastsetje strategiske føringar for utbyggingsmønster i fylket, slik at utbygging til ulike føremål blir samordna med infrastruktur for transport, kommunikasjon, energi og tenester. Planen skal utvikle prinsipp som balanserer behov for arealbruk og infrastruktur med natur, landskap og ressursbruk.

Fråsegn frå DMF

I planprogrammet nemner kommunen fleire tema og problemstillingar som skal inngå i arbeidet med ny regional plan for areal og mobilitet. Mineral- og masseressursar er eit av temaa som skal inngå i planen. God masseforvaltning er viktig for fleire av temaa som er nemnt i planprogrammet. Til dømes er tilgang på riktige massar og god massehandtering viktig ved utbygging av bustader og opprusting av infrastruktur, og lokalisering av masseuttak- og mottak heng saman med berekraftig arealbruk.



I kapittel 2.3.2.5 *Mineral og masseressursar* er det identifisert tre tema knytt til mineral- og masseforvaltning det skal arbeidast vidare med som ein del av planarbeidet:

- Utvikle retningslinjer for lokalisering av mottaks-, mellomlagrings- og gjenvinningsanlegg for overskotsmassar. Dette skal sjåast i samanheng med stasjonære uttak av pukk og grus.
- Vurdere og definere masseregionar der alle aktørar innanfor regionen brukar same digitale marknadsplass.
- Utvikle regionale retningslinjer for skjelsand, som rettleiing og forventning til kystkommunane si arealplanlegging.

Retningslinjer for massemottak og masseuttak

I kapittel 2.3.2.5 skriv kommunen at det som del av planarbeidet skal bli utarbeida retningslinjer for lokalisering av areal for handsaming av overskotsmassar, og at dette skal sjåast i samanheng med «stasjonære uttak av pukk og grus». At overskotsmassar sjåast i samanheng med uttak av byggeråstoff er eit viktig steg for ein heilskapleg masseforvaltning, og DMF tilrår at fylkeskommunen også òg utarbeider retningslinjer for lokalisering av masseuttak. Tydelege regionale føringar og retningslinjer for lokalisering av masseuttak og massemottak, kan gjere det enklare for kommunar å vurdere kor slike anlegg skal plasserast. Det vil vere hensiktsmessig for fylket å gjere ein kartlegging av eksisterande anlegg for masseuttak- og handtering som ein del av planarbeidet. Regionplanen bør innehalde føringar om at masseuttak, -lager og -deponi bør plasserast i rimeleg nærheit av område for utbygging, og bør sjåast i samanheng med utforminga av ein regional senterstruktur i Vestland fylke, nemnt i kapittel 2.2 i planprogrammet. Samtidig bør ikkje masseuttak og -mottak plasserast der det er høg risiko for konflikt med naboar, miljøomsyn eller andre samfunnsinteresser. For å få meir av massetransporten over på båt og lekter slik fylkeskommunen ønskjer bør areal for massehandtering òg sjåast i samanheng med kai- og hamneområde i fylket.

Både avvikla masseuttak og masseuttak i drift kan vere aktuelle for plassering av anlegg til mottak og gjenvinning av massar. Føresetnaden for dette må vere at masselagring og -mottak skjer innanfor areal der ressursane er tatt ut, slik at det ikkje går ut over ressursutnyttinga. I område der det er naudsynt med auka uttak av massar bør kommunane sjå på moglegheita for å utvide eksisterande masseuttak, heller enn å opne nye. Retningslinjer til forvaltninga av masseuttak og masseforvaltning kan bidra til å dempe arealkonfliktar og minske behovet for uttak av massar i urørte område.

Digitale marknadsplassar for massar

Fylkeskommunen ynskjer å definere masseregionar der alle aktørar innanfor regionen brukar same digitale marknadsplass. Porfyr og RockExchange er eksempel på slike digitale marknadsplassar fylkeskommunen kan vurdere å ta i bruk. Asplan Viak har utarbeida rapporten «*Digitale markedsplasser for overskuddsmasser*»¹ på vegne av Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD). Rapporten peiker på samhandling mellom aktørar, tilgang på areal til massehandtering og det å få aktuelle aktørar til å i bruk marknadsplassane som dei viktigaste utfordringane når det kjem til

¹ Digitale markedsplasser for overskuddsmasser:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/d56e9ed17ce44c0bab69c8459d088148/asplan-viak-digitale-markedsplasser-for-overskuddsmasser-2025.pdf>



massehandtering og bruk av digitale marknadsplassar. I planarbeidet bør fylkeskommunen ha fokus på korleis ein best mogleg skal løyse desse utfordringane. I rapporten utarbeidd for KDD er det foreslått ein rekke tiltak som kan vere eit godt utgangspunkt for fylkeskommunen sitt arbeid med planen.

Uttak av skjelsand

Løyve om uttak av skjelsand gis av fylkeskommunen etter forskrift om undersøking og utvinning av skjelsand, sand og grus. Forskrifta gjeld i området frå marbakken og ut til éin nautisk mil rundt Fastlands-Noreg. Forskrifta kjem i utgangspunktet ikkje i konflikt med minerallovas stadlege verkeområde. Skjelsand blir i enkelte tilfelle vinna ut frå førekomstar som strekker seg frå land og ut i sjøen. Det bør gå fram av rettleiinga at der det er tvil om uttak av skjelsand i kystnære område er omfatta av minerallova, må spørsmålet bli avklart med DMF. Dette er viktig for å sikre ei god og effektiv forvaltning av mineralressursar og uttak i kystnære område.

Kunnskapsgrunnlag

Ved behov for samanstilling av kunnskap om mineralførekomstar i fylket, vil det vere hensiktsmessig å nytte seg av Noregs geologiske undersøking (NGU) sine databasar over grus-, pukkførekomstar og steintippar². Fylkeskommunen kan laste ned datasett med førekomstane frå GeoNorge sin kartkatalog³. DMF har eigne kartinnsyn med oversikt over uttak⁴ og tildelte konsesjonar⁵. DMF og NGUs datasett er også tilgjengelege som WMS-tenester, og kan bli lagt direkte inn i fylket si eige kartløysning.

DMF viser til vår levetidsanalyse for byggeråstoff⁶ som viser kor mange år kvar kommune vil ha tilgang på eigeproduisert knust fjell og lausmassar. Ressursrekneskapet⁷ blir oppdatert kvart år med nye driftsrapporteringsdata frå dei enkelte uttaka. Levetidsanalysen og ressursrekneskapet kan vere relevant i forbindelse med utarbeiding av kunnskapsgrunnlaget for mineral- og masseressursar i den regionale planen. Statistikken inkluderer berre data som blir rapportert til DMF. Overskotsmassar frå bygg- og anleggsverksemd er derfor ikkje inkludert.

Som kunnskapsgrunnlag for planen er «Tverrsektorielt prosjekt om disponering av jord og stein som ikke er forurenset», «norsk mineralstrategi» og «Strategier for berekraftig massehandtering – Statsforvalteren i Vestland» nemnt. I arbeidet med planen kan det vere relevant å sjå til regionplan for massehandsaming på Jæren⁸, og Akershus fylkeskommune si rettleiar til masseforvaltning i kommunane⁹, som eksempel til bruk i

² Grus-, pukk- og steintippdatabasen:

https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Oppslag_KS.Velg_kommune?p_fylkenr=46

³ GeoNorge sin kartkatalog: <https://kartkatalog.geonorge.no/>

⁴ Kart – uttak: <https://dirmin.no/data/uttak>

⁵ Kart – konsesjonar: <https://dirmin.no/data/konsesjoner>

⁶ Levetidskart for byggeråstoff i kommunane: <https://dirmin.no/levetidskart>

⁷ Ressursrekneskap for Vestland: <https://dirmin.no/rrvestland>

⁸ Regionalplan for massehandtering på Jæren 2018-2040: <https://www.rogfk.no/vare-tjenester/planlegging/gjeldende-planer-og-strategier/bolig-areal-og-transport/regionalplan-for-massehandtering-pa-jaren/>

⁹ Akershus fylkeskommune – masseforvaltning i kommunene:

<https://afk.no/Handlers/DownloadPrintPdf.ashx?url=%2F%2Fafk.no%2Ftjenester%2Fklima-miljo-og-natur%2Fmasseforvaltning-i->



utarbeiding av rettleiing og kunnskapsgrunnlag for mineralressursar og handtering av
overskotsmassar.

For nærmere informasjon om mineralloven med tilhørende forskrifter, se
hjemmesiden vår på www.dirmin.no. Her finner du også vår digitale kartløsning, som
er et nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettigheter m.m.,
supplert med relevante kartdata fra andre etater.

Vennlig hilsen

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleder

Helene Laurin Rosmo
rådgiver

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer.
Saksbehandler: Helene Laurin Rosmo